



**Hardangerrådet iks**



Hardanger

## **MØTEBOK**

### **Rådsmøte i Hardangerrådet iks**

**Dato: Torsdag 10.12.2015**

**Klokka 09.00 – 15.00**

**Stad: Odda rådhus, Kommunestyresalen**

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit  
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum  
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard – Rådsordfører  
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones  
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug, Til sakshandsaming av 50/15  
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge  
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsvaraordfører  
Rådmannsforum: Rådmann Siv Helle Prestegard  
Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og Konsulent Trude Rinaldo

Inviterte:

Næringsshagen i Odda v/ Marie Opheim  
Fylkesmannen i Hordaland v/ Fagdirektør Svein Kornerud  
Kartverket v/ Overingeniør Marius Flagtveit Smistad,  
WellGuard v/ Eirik Espe  
Hardangermagasinet v/ Sigurd Vikøren

#### **Agenda:**

09.00 – 10.30	Sakshandsaming
10.30	Orienteringar
10.30	Presentasjon av Næringsshagen i Odda v/ Marie Opheim
11.00	Presentasjon av Prosess for digitalt planregister for kommunane i Hardanger v/ Fagdirektør Svein Kornerud, Fylkesmannen i Hordaland og Overingeniør Marius Flagtveit Smistad, Kartverket
11.30 – 12.30	Lunsj
12.30	Presentasjon av WellGuard v/ Eirik Espe
13.00	Hardangermagasinet – Profilering/Merkevarebygging v/ Sigurd Vikøren
13.30 - 15.00	Sakshandsaming
15.00	Møteslutt

**Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste som så vart godkjent.**

**Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:**

Ingebjørg Winjum og Hans Petter Thorbjørnsen

**Saker teke opp ved møtestart:**

Anved Johan Tveit: Innspel om at informasjonar ikkje må gå ut over tid til sakshandsaming  
Solfrid Borge: Kommunereform – Status frå kommunane

**Presentasjonar:**

#### **WellGuard**

Eirik Espe, WellGuard orienterte om arbeidet med utvikling av teknologi for plugging av oljebrønner som ikkje lenger er i produksjon.  
10 – 15 tilsette i løpet av 2020.

### **Digitalt planregister**

Fagdirektør Svein Kornerud, Fylkesmannen i Hordaland orienterte om den sentrale satsinga på digitalisering av planverk. Kornerud anbefalar at dette arbeidet vert gjennomført med eigne tilsette. Det gjev større kompetanse i organisasjonen for framtida, noko som er viktig i samband med m.a. vedlikehald og ajourhald av planverket.

Skjønnsmidlar frå Fylkesmannen vil kunne prioriterast til dette prosjektet om det kjem inn søknad frå Hardangerkommunane. Kornerud ber kommunane også vurdere å ta inn byggesakshandsaming og dispensasjonar i dette prosjektet.

Line Langkaas og Marius Flagtveit Smistad, Kartverket orienterte om bakgrunnen for at ein ønskjer eit fellesprosjekt for Jondal, Odda, Ullensvang, Granvin og Samnanger.

Kartverket oppmodar om at ein søkjer eksterne finansieringskilder til dette prosjektet.

### **Næringshagen i Odda v/ Marie Opheim**

Marie Opheim orienterte om Næringshagen i Odda, historikk, samarbeidspartnerar, eigarar, aktivitet.

Hovudkundar er SMB Hardanger, SHIH, Prosessindustrien, Odda kommune, Ullensvang herad, Ungt Entreprenørskap, Vikebygd Landskapspark., Hardanger Næringsråd + mange store og små prosjekt. Etablerarteneste. Bedriftsnettverk. Næringsklynger.

Samarbeid: Næringshagen i Odda – Næringshagen i Hardanger !

### **Hardangermagasinet v/ Sigurd Vikøren**

Sigurd Vikøren orienterte om Hardangermagasinet, utgjevingar, innhald, målgruppe for magasinet.

### **Saker til handsaming i Regionrådet:**

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

#### **HR-sak 45/15 Meldingar**

Det var ingen meldingar til dette møtet.

#### **HR-sak 46/15 Hordaland fylkeskommune – Regional planstrategi. Val av representant til samrådsgruppe.**

Hordaland fylkeskommune inviterer regionråda til å velja ein representant til å delta i samrådsgruppe for dette arbeidet.

Viktig at regionale planar vert tekne med som ein del av den nye planstrategi for Hordaland fylke. Eks, Regional plan for Hardangervidda. Regional næringsplan.

#### **Vedtak:**

Som Hardangerrådet sin representant til Samrådsgruppe for Regional Planstrategi for perioden vert valt Jostein Ljones med Jon Larsgard som varamedlem.

#### **HR-sak 47/15 Endring i selskapsavtalen for Hardangerrådet IKS – Handsaming i kommunane**

Hans Petter Thorbjørnsen orienterte om innspel frå Kontrollutvalet i Ulvik.

Vedtak om endring i selskapsavtalen vert gjort i førre valperiode. Regionrådet drøfta alternativ modell for klagebehandling i Hardangerrådet.

**Vedtak:**

Saka vert utsett. Dagleg leiar undersøker korleis dette er gjort i andre regionråd i Hordaland.

**HR-sak 48/15 Bortfall av offentlege arbeidsplassar i Hardanger 2005 – 2015.**

Målet med dette arbeidet er å få fram trendane og utviklinga i statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar som har vorte borte frå regionen. Kva verknad har dette hatt for innbyggjarane i regionen ? Korleis er endringane i tenestenivå etter gjennomføring av desse endringane ?

Kva konsekvenser har dei store reformene hatt for regionen vår.

Statstikkgrunnlag på kommunenivå vert lagt fram for den enkelte kommune for kommentarar/forklaringar av store endringar.

**Vedtak:**

Utkast til rapport vert lagt fram for regionrådet i neste møte.

**HR-sak 49/15 Omstillingstiltak pga nedgang i petroleumsindustrien – Samarbeidsprosjekt. Orientering**

Dagleg leiar orienterte om at Hardangerrådet er invitert til å delta i omstillingsalliansen som er etablert gjennom HOG Energi.

**HR-sak 50/15 Digitalt planregister – Samarbeidsprosjekt**

Samordning av dette prosjektet er viktig slik at arbeidet kan organiserast på ein god måte og gjennomføringa gjev dei resultat ein ønskjer.

**Vedtak:**

Hardangerrådet er positive til at samordning av Prosjekt Digitalisering av planregister skjer gjennom Hardangerrådet. Det vert søkt Fylkesmannen om skjønnsmidlar for delfinansiering av prosjektet. Saka vert sendt over til Rådmannsforum for vidare handsaming fram mot endeleg sak med finansiering. Denne vert framlagt på nytt i Hardangerrådet og med påfølgjande handsaming i kommunane.

**HR-sak 51/15 Hardinginget 2016 – førebuande drøfting**

Aktuelle tema:

- Nytt inntektssystem for kommunane
- Digitalisering – Digitale Hardanger
- Status kommunereforma
- Beredskapsarbeid – NVE Flaum og ras – Brannsamarbeid
- Fylkeskommunen – Utviklinga av Hardanger
- Flyktningsituasjonen

**HR-sak 52/15 Orienterings- og drøftingssaker**

Innspel frå Roald Aga Haug, Odda kommune om uttale frå Hardangerrådet vedr. forslag om nedlegging av akuttkirurgi ved Odda sjukehus.

Utkast til uttale vart drøfta. Det er ein seinare høyringsrunde i saka.

**Vedtak:**

Uttale vert sendt til Helseministeren med kopi til styret i Helse Vest og Helse Fonna

Innspel om at informasjonar ikkje må gå ut over tid til sakshandsaming.

Ordførarane vert oppmoda om å oversenda til Hardangerrådet aktuelle skriv frå statlege og fylkeskommunale etatar.

### Kommunereform – Status frå kommunane

Eidfjord, Ulvik og Granvin hadde felles folkevaldopplæring. Det er gjennomført felles innbyggjarundersøking i desse kommunane. Desse kommunane arbeider vidare med prosess for samanslåing av 3 kommunar, men held fortsatt alternativet med 4 kommunar ope.

Ullensvang herad skal ha innbyggjarundersøking i januar. Går vidare med arbeidet i samsvar med heradstyrevedtak.

Kvam herad har vedtak på å sjå på samanslåing med Fusa og Samnanger. Samnanger har trekt seg frå dette arbeidet.

Jondal kommune har plan om møte med Odda, Kvam og Ullensvang Jfr. Rapport frå juni 2015.

Odda kommune følgjer opp kommunestyrevedtak og arbeider vidare med alternativ om samanslåing med Ullensvang og Jondal.

### **Møteboka godkjent 10.12.2015.**

Jon Larsgard  
Rådsordførar

Ingebjørg Winjum  
Rådsmedlem

Hans Petter Thorbjørnsen  
Rådsmedlem